



No blir containeren misbrukt igjen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Etter å ha vorte flytta rundt i bygda kom containeren for hytteavfall for fleire år sidan til slutt fram til ein permanent plassering i front av Gamleskulen.**

**Men no får uskedalen.no opplyst frå den tømme-ansvarlege i SIM at containeren igjen blir misbrukt - den blir nytta til noko den ikkje skal nyttast til.**

SIM gjer det klart at containeren vil bli fjerna hvis misbruket held fram.

Det konsentrerer seg ikkje berre til typisk hytteavfall, containeren har også vorte nytta av folk i bygda med spesielle behov, opplyser SIM.

Det bør ikkje vera tvil om at dette tilbodet kun skal nyttast til hytteavfall. Det står på tre språk at containeren kun skal nyttast av dei som betalar renovasjonsgebyr for fritidsbustad til kommunen.

Avfall må ikkje setjast på utsida og misbruk er straffbart, står det også å lesa.

Heller ikkje avfall frå utleiehytter, rorbuer og liknande skal i containeren, blir det gjort klart.

Og no blir det spanande om containeren forsvinn eller kanskje må ut på ei ny vandring...

Av Ola Matti Mathisen

# Kun for hytteavfall

Konteinaren skal **kun** nyttast av dei som betalar renovasjonsgebyr for fritidsbustad til kommunen. Avfall må ikkje setjast på utsida. Misbruk er straffbart.

- Avfall frå utleigehytter, rorbuer o.l. skal ikkje i konteinaren.
- Farleg avfall skal til miljøsentralen.
- Elektrisk- og elektronisk avfall (EE) og bildekk/-batteri skal også til miljøsentralen, eller til forretningar som sel slike varer.

Takk for at du respekterer ordninga.

*Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM)*



## For holiday home waste only

The container is reserved for use by those who pay holiday home renovation fees to the municipality. Waste must not be placed outside the container. Abuse of the scheme can result in prosecution. Thank you for observing the rules.

*Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM)*

Nur für Hüttenabfall

Teksten skulle ikkje vera til å misforstå.